

URETRITT (URINRØRSKATARR)

KVA ER URETRITT?

Uretritt er ein betennelsesreaksjon i urinrøret.

KVA ER ÅRSAKA TIL URETRITT?

Det kan vere mange årsaker til uretritt. Bakteriar eller virus kan gje infeksjonar i urinrøret. Av og til er det berre ein lokal irritasjon der ein ikkje finn verken bakteriar eller virus.

ER DET ALLTID MOGELEG Å FINNE ÅRSAKA?

Seksuelt overførbare infeksjonar som klamydia, gonoré, mycoplasma og herpes kan gje uretritt, desse mikrobane kan ein finne ved laboratorieprøvar.

Mange gonger, kanskje opp til 30 % av tilfella, er det ikkje mogeleg å finne noko årsak og tilstanden blir då kalla uspesifikk uretritt. Uspesifikk uretritt kan skuldast bakteriar som vi per i dag ikkje har nokon testmetode for. Vi har då ikkje grunnlag for å uttale oss om mikrobane er seksuelt overførbare. Lokal irritasjon utan at det er bakteriar eller virus til stades, kan også gje teikn på uretritt.

KVA ER SYMPTOMA?

Du kan merke litt svie, kløe eller anna ubehag i urinrøret både ved og utanom urinering. Mange får også litt utflod. Det blir då fuktig i urinrørsopninga og gjerne ein flekk i trusa.

KVA MED DEN VÆSKA SOM KJEM UT NÅR EG BERRE KLEMMER PÅ PENIS?

Dette vil oftast ikkje skuldast uretritt. Når ein knip og klemmer på penis, vil det vanlegvis tømme seg sekret frå kjertlane som sit i urinrørsveggen. Desse kjertlane skal skilje ut sekret ved samleie, og det er naturleg at dei tømmer seg ved trykk.

KORLEIS KAN DIAGNOSEN STILLAST?

Ved teikn på uretritt er det viktig å utelukke smittsam sjukdom eller ein annan betennelse som treng behandling. Det blir teke prøvar som legen mikroskopierer direkte medan du ventar. Desse prøvane får du svar på med ein gong. Oftast er det ikkje mogeleg å seie noko om årsaka til uretritten ut frå mikroskopisk prøve åleine. Det blir difor teke prøvar som må sendast til laboratoriet, prøvesvara kjem i løpet av 5-10 dagar.

ER USPESIFIKK URETRITT FARLEG?

Det er ikkje noko som tyder på at uspesifikk uretritt er farleg.

KVA ER BEHANDLINGA?

Dersom bakteriar eller virus blir påvist, kan ein behandle målretta ut frå prøvesvara. Dersom det ikkje er mogeleg å finne noko årsak, og du har plager som ikkje går over, prøver vi vanlegvis ein antibiotikakur som erfaringsmessig har vist seg å vere effektiv ved uspesifikk uretritt. Dersom legen berre har funne betennesceller ved mikroskopi utan at du har nokon plager, treng du ikkje behandling.

Svie og ubehag i urinrøret utan at betennelse blir funne ved undersøking, skal ikkje behandlast med antibiotika.

KVA MED PARTNEREN?

Dersom seksuelt overførbar sjukdom ikkje blir påvist og partneren din ikkje har nokon plager, treng ho / han ingen behandling. Får du stadig tilbakefall av plagene, kan det vere lurt at partneren din også blir undersøkt.

Har du spørsmål, kan du vende deg til:

Avdeling: Poliklinikk for SOI, Hudavdelinga

Telefon: 55 973962

www.helsebergen.no